

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	20.11.2024	096/24

Sakshandsamar Præstiin, Lars	Arkiv: GBNR-69/10	Arkivsaknr 24/881 - 2
---------------------------------	----------------------	--------------------------

Vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og slukeevne i Ulvik (II) kraftverk

Vedlegg:

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og slukeevne i Ulvik (II) kraftverk i Tyssovassdraget i Ulvik kommune, Vestland fylke

Saksutgreiing

NVE har fått ein førespurnad frå Eviny Fornybar AS om vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik (II) kraftverk. Førespurnaden vert no send på høyring med høyringsfrist 02.12.2024. Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt vert derfor berre send på høyring til Ulvik kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, Ulvik Fjellstyre, Ulvik Sportsfiskarlag og Fiskeridirektoratet.

Førespurnaden frå Eviny Fornybar, datert 09.04.2024, gjeld vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik (II) kraftverk. Tiltaket er planlagt gjennomført med ny maskinutrusting i tillegg til eksisterande, og vil auke total slukeevne for kraftverket frå 6,1 m³/s inntil 12,3 m³/s. Effektauken frå 20 MW og opp til 40 MW vil ikkje gi auka produksjon. Brevet er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9383/V

Vurdering

Endringa skal ikkje medfører auka produksjon eller auka reguleringshøgde på Solsævatnet, men auka slukeevne vil medfører at vasstanden i magasinet kan senkast kjappare og følgeleg at meir ferskvatten kan tømmast hurtigare ut i fjorden. Mogelege verknader av dette vil vere auka kanterosjon i Solsævatnet samt kraftigare straum og auka risiko for erosjon rundt utløpet ved Prestekaia. Moderat stranding av fisk som fylgje av hurtig vass senking er òg eit mogeleg senario.

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser vert ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og

informasjon om vilt, planstatus, eksisterande vassuttak mv. og om andre interessentar bør høyrast i saka.

Solsævatnet er reservedrikkevassskjelde for Ulvik herad og vassskjelde for Ulvik vatningslag. Desse interessene må ikkje verta skadelidande av tiltaket. Ulvik vatningslag bør høyrast i saken.

Solsævatnet ligg i LNF-område og omsynssone for drikkevatn med forbod mot tiltak og aktivitetar som kan verka forureinande.

Auka straum rundt utløpet ved Prestekaia, som er avsett til småbåthamn i reguleringsplan, kan verta eit problem for båteigarar og brukarar av kaia. Eviny meiner dette er eit privatrettsleg forhold, som dei vil ta direkte med eigarane av småbåthamna. Rett att med kaia ligg ein badeplass, som vert flittig nytta heile året. Sjøarealet utanfor er avsett til «fritid, ferdsel og fiske».

Utløpet ligg mindre enn 1 kilometer frå Ulvikpollen naturreservat. Området er verna for å ta vare på verdifull strandvegetasjon og våtmarksfugl. MVA-rapport 5/2005 «Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Ulvik» peikar på at stor tilførsel av ferskvatn til fjordbassenget bidreg til å oppretthalde eit brakkvasslag i overflata heile året, noko som truleg har negativ effekt på den verdifulle strandvegetasjonen i Ulvikpollen naturreservat. Auka tilførsel av ferskvatn kan forverre problemet.

Rapporten føreslår at ein ved å sleppa ut ferskvatn på djupare vatn, vil kunne auka innblandinga av saltvatn til overflatelaget. Høgare salinitet i overflatelaget vil truleg ha ein gunstig effekt på vegetasjonsutviklinga i strandsumpen, ved å favorisere dei verneverdige brakkvassartane framfor invaderande ferskvassartar og innlandsartar (s. 49).

Naturmangfaldet elles i Ulvikpollen/Ulvikafjorden er ikkje kartlagt verken etter DN-handbok 19 eller NiN-systemet.

Økonomiske konsekvensar

Tiltaket bør ikkje få økonomiske konsekvensar for Ulvik herad.

Framlegg til vedtak:

Ulvik herad tek søknaden til orientering. Tiltaket skal ikkje medfører forureining eller annan skade på kommunal og privat vassforsyninga frå Solsævatnet, ei heller problem med erosjon i strandsona ved fjorden.

Ulvik vatningslag bør høyrast i saken.

Tiltaket må ta omsyn til, og sikre fredeleg sameksistens med, Prestekaia småbåthamn og badeplass.

Mogelege konsekvensar for Ulvikpollen naturreservat og eventuell flytting av utløp til djupare vatn må vurderast.

20.11.2024 Formannskap

Redaksjonell endring: “,ei heller problem med erosjon i strandsona ved fjorden og i Solsævatnet.”

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren med redaksjonell endring vart samrøystes vedteken.

FSK - 096/24 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad tek søknaden til orientering. Tiltaket skal ikkje medfører forureining eller annan skade på kommunal og privat vassforsyninga frå Solsævatnet, ei heller problem med erosjon i strandsona ved fjorden og i Solsævatnet.

Ulvik vatningslag bør høyrast i saken.

Tiltaket må ta omsyn til, og sikre fredeleg sameksistens med, Prestekaia småbåthamn og badeplass.

Mogelege konsekvensar for Ulvikpollen naturreservat og eventuell flytting av utløp til djupare vatn må vurderast.